

Dr. Ali Watti er kurdar, oppvachsen i Syria og utdanna lege i Ukraina. Han har budd i Noreg i åtte år. To og eit halvt år av desse budde han i asylmottak. Ali er dagleg leiar av den Norske Syria-komiteen, og er medlem av kurdisk kulturforum i Hordaland. Han er politisk engasjert og oppteken av dei som ikkje har ei stemme; flyktningar, asylsøkjarar og papirlause. Han har vore aktiv i mange frivillige organisasjonar; Bergen internasjonale kultursenter (BIKS), Røde kors, Norsk folkehjelp, Kirkens bymisjon, Amnesty, Together – i tillegg er han aktiv i Bergen turlag.